


BOKN BYGÐABLAD

NR. 2 MARS 1991 ÅRG. 6

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR



BRUÅPNINGSFEST PLASSERTE BOKN PÅ KARTET

- Bokn har ikkje vore slik i vinden sidan Erling Skjalgsson vart halshogd - sa festleiar Birger Lindanger i starten av den folkefesten som hadde samla bortimot 500 menneske på Bokn skule fredag den 22. februar.

Ein time tidlegare hadde bruåpninga foregått på Boknasund bru i sørvest kuling ved at tidlegare ordførarar i Bokn, Monrad Alvestad, Ingolf Kro, Sigvart Våga og Arne Øvrebø - saman med ordførar Leif Vatnaland, tidlegare fylkesordførar Lars Våge, fylkesvaraordførar Kjell Erfjord, vegsjef Chester Danielsen og formann i Tungenes ferjeterminal Bernt Svhuis hadde lempa ein robåt som sto på tvers av bruа på ein tilhengar. Robåten vart etterpå kjørt tilbake til Boknatun som den museumsgjenstanden det er.

Nå er det nye tider for Bokn, og ein treng ikkje robåt for å koma over Boknasundet. Trafikkaos vart det i bruområdet då mange hundre menneske hadde stilt opp, og skulle kjøra på ein gong tilbake til festen på skulen.

Her venta folkefesten. Så å seia heile skulen var tatt i bruk, og bra var det, for på langt nær alle kom inn i gymnastikkalen kor talar, songar av og med Spurkeland/kor, revyinnslag m.m. gjekk slag i slag så lenge at folk tok til å venta på at den store marsipankaka som var laga av Julianne Våga og Johannes Nilssen skulle fortærast. Det var ei kjempestor kake som var stor nok til at alle dei frammøtte fekk kake. Kaka var forma som ein modell av Bokn kommune med bruer og det heile.

Det høyrdes ut som at folk sette stor pris på denne festen som markerte slutten på Bokn som ein øykommune. Ikkje berre er heile kommunen blitt landfast, men dei to øyane som det bur folk på er også bunden saman.

Prosjektet har kosta 250 mill. kroner, eller 330.000 pr. innbyggjar i Bokn. Av dette er det blitt tre store og fem mindre bruver, 600 meter tunnel og 12,5 km. veg.

Mange av talarane var innom temaet om å ta vare på den bygdekulturen Bokn har, sjøl om ei ny tid er begynt.

Dei som var på festen, kunna oppleva mykje bra av den bygdekulturen kommunen har. Det er ikkje alltid at importerte krefter gjer størst lukka. Det viste denne festen.

Bokn kommune vil difor takka dei som var med og gjorde arrangementet så vellukka. Mange takk til alle tilsette og elevar ved Bokn skule som gjorde eit så grundig førearbeid at alt gjekk så fint. Det var ikkje få timer som var lagt ned i dette arbeidet. Også andre kommunalt tilsette og politikarar pluss andre frivillige gjorde også ein flott innsats. Mange takk!

DAGLEGVAREHANDELEN PÅ BOKN

Det er for 1991 stor spenning hos daglegvarehandlarane i Bokn om korleis fastlandstilknytinga vil slå ut. Vil det bli auka lekkasje og føra til omsetningssvikt for butikkane i Bokn, eller vil det reint midlertidig bli auka handelslekkasje inntil folk merkar at bensinutgifter og kanskje like rimelege varer gjer at det er vel så rimeleg å nytta butikkane i Bokn?

Austre Bokn Handelslag hadde i 1990 ein nedgang i omsetninga av daglegvarer på ca. 9,5 %. Sidan dei har vore landfast i heile 1990, kan det tyda på at dei har mista 9 -10 % av omsetninga. Når dei nå også mister ferje og hurtigbåt på Tåganess, er ein spent på korleis dette vil slå ut. Styrar Eivind Øvrebø seier til bygdabladet at det tross alt har vore ein del tilfeldig handel i samband med ferje- og hurtigbåtanløp. Han er nå spent på korleis utviklinga vil bli, og om handelen vil stabilisera seg.

Annbjørn Sunde ved Bokn Handelslag seier at dei har har hatt ei stabil omsetning frå 1988 fram til og med 1990 når ein ser perioden under eitt. Sett på bakgrunn av prisstiginga har handelen vore jamn. Levering av varer til tilfeldig anleggsvirksemid i 1989 gjorde at dette var eit særleg godt år. Januar i 1991 ser også stabil ut.

Styrar Annbjørn Sunde seier at Bokn Handelslag skal møta 1991 med auka marknadsføring og gode tilbud, og meiner at dei bør kunna halda på den handelen dei har i dag.

Hos Steinar Alvestad får bygdabladet også opplyst at dei har hatt stabil handel som har gitt nokolunde same omsetning i 1990 som året før. Når nå fastlandssambandet er realisert, betyr dette at folk slepp kostnaden med ferja, og det vil sjølsagt bli spennande korvidt dette vil gi utslag på handelen i året som kjem, seier Ingebjørg Alvestad.

GARDSTURISME FRAMTIDIG NÄRING?

Gardsturisme - kunne det vera noko å satsa på for dei små gardsbruken me har i Bokn?

Uansett kva tilknytingsform Norge får til EF er det truleg at overføringane til jordbruket vert endra. Kva då med dei små, men gode arbeidsplassane me har i jordbruket vårt?


Må me ikkje alt i dag ta til å tenkja nytt?

Kva med gardsturisme. Kunne det vera ein ide?

Utleigehytter av høg standard kan styrkja næringsgrunnlaget, slik at me kan halda på busetjinga.

Andre kommunar i landet er alt komne godt igong. Særleg i Sogn og Fjordane fylke er utleigehytter vorte ei betydeleg attåtinntekt til gardsbruk.

Gjennomsnittshyttene er på 50 kvadratmeter, kostnad ca. kr. 300.000,-, finansiering



gjennom Statens Landbruksbank på lik linje med driftsbygninga.

Utnyttinga idag ligg på 15 - 20 veker pr. år. Dette kan aukast.

Boknabøndene har nå sjansen, vil dei vera med må planlegging ta til straks.

Ingolf Kro

A&O

A & O Video er namnet på eit nytt firma på Bokn som skal driva med videoproduksjon. Det er Olav Rossabø og Armand Svendsen som står bak firmaet. Videoproduksjon er det som skal utførast. I dette ligg ting som filming med redigering, overspeling av gamle filmar til video og andre ting innan video.

Initiativtakarane bak firmaet seier til bygdabladet at dei f.eks. tar på seg oppdrag ved barnedåp, konfirmasjon, bryllaup og andre merkedagar kor folk ynskjer videooppptak.

Vidco


Vidare kan dei også ta oppdrag frå private bedrifter og det offentlege. Det kan vera presentasjonsvideoar o.l. Også filming av verdisaker kan vera aktuelt for privatfolk og andre (forsikring).

Firmaet satsar på regionen og fylket når det gjeld oppdrag, men også t.d. Sunnhordland kan vera eit aktuelt område. Firmaet driv i starten på deltid.

Dei har i starten fått eit kommunalt lån som skal hjelpe dei i etableringa. Dei har til nå investert kr. 90.000,- i videoutstyr.

BOKN NÆRINGSFORUM

Gir ut ny brosjyre



Det nystarta Bokn Næringsforum har gitt ut ein ny brosjyre i fargar som presenterer næringslivet i kommunen.

På framsida er det eit bilde av Bokn sett frå nord-aust, med teksten "Et nytt stykke fastlands-Norge. En kommune med muligheter-som ingen lenger bare drar forbi."

Inne i sjølve brosjyren er det kart over Bokn med avmerkte punkt kor dei ulike næringsdrivande held til, pluss reklame for dei ulike bedriftene. Baksida har ein presentasjon av Bokn kommune generelt med bilde av den nye vegen fram til Are.

Store mengder av brosjyren gjekk ut sist søndag då det blei utdelt på Ognøy ntil alle som kom til Bokn.

Brosjyren er etter mitt syn svært fin, og gir god presentasjon av næringslivet i kommunen pluss Bokn kommune. Brosjyren er på bokmål.

ra.



JOGG FOR ALLE

Joggegruppa har satt seg i bevegelse! Gruppa legger ut på mosjonsløp fra idrettsbanen hver mandag, onsdag og fredag kl. 18.00. Alle som har lyst til å løpe litt kan delta. Treningen tilpasses den enkeltes formnivå.

Jentene er foreløpig de ivrigste mosjonistene. Opp av sofaen karer, dette er en utfordring!

"4-bruers løpet" vil bli arrangert i forbindelse med åpningen av det nye ferjesambandet den 28. juni. Målet må være at mange fra Bokn stiller på startstreken, om ikke annet bare for å delta.

Velkommen til trim og sosialt samvær.

Hans

BIBLIOTEKET - gratis å spørje gratis å få svar

LESETIPS FOR MARS

VAKSNE

Corbett, Anthony:
Dødens agenter

Moe, Ingvar:
Kvinner mellom mørke fjell

Schjander, Nils:
Når katastrofen rammer

Kinder, Gary:
Gudene kommer tilbake

Sheldon, Sidney:
Frihetens ansikt

BARN OG UNGDOM

Henriksen, Vera:
Olav ulvunge

Lind, Ivar:
Drakeblod

Young, Elisabeth:
Svampe

Lian, Torun:
Frida

Dæli, Liz Bente:
Helle kidnapper en
bestefar



"TA VARE PÅ BYGDEKULTUREN"

"Boknarane må ta vare på den gode bygdekulturen".

Dette var eit utsagn som om igjen og om igjen blei sagt i dei mange talane ved bruåpningsfesten for ei veke sidan. Dette er også utsagn som er uttalt i kommunneplanar av ulike slag, frå helse- og sosialplan barne- og ungdomsplan, planen om mål for Bokn kommune mot år 2000 o.s.v. Ser ein i politiske program ved siste val, og sikkert i det komande, vil ein sikkert koma til det same. Korleis skal me ta vare på vår eigenart, det levande og spesielle ved Bokn som samfunn.

Bokn har mange ting å ta vare på. Ting i kulturen som kan nemnast er dei mange lag og foreningar som gjer ein framifrå innsats for at barn, ungdom og vaksne skal trivast og finna seg til rette i bygdesamfunnet. Alle er viktige, frå idrettslag til kristelege lag, musikk/danselag og fritidssklubb. Nokre lag kan fella bort, men mange nye er komne til, som svingklubb og Røde Kors.

Noko svært verdifullt som me her ikkje alltid kjem på, er dette at i Bokn er generasjonane ofte meir samansveisa enn på større stader. T.d. kan det vera fleire generasjonar saman på

mange festar, som dans, fest på bedehuset, 17. mai-fest, Boknafestival osv. Dette er noko som er spesielt, og som sikkert er ein av mange viktige faktorar når ein skal forklara det tette sosiale nettverket som fins i kommunen vår.

Ei sak som me må vera merksame på, er dette med dialekt og språk, munnleg og skriftleg. Det er ein tendens til at landdistrikta taper for byane når det gjeld utviklinga av både talemålet og den skriftlege framstillingsevnun. Språket vårt er noko av det viktigaste me har, som gir oss identitet som boknarar. Eg synes ikkje det er verken stas eller fint når Bokn kommune saman med det nystarta næringsforumet både gir ut brosjyre og reklamerer i avisene på bokmål. Ikkje det at det ikkje fekk ein straum av bilar til kommunen, men det hadde vore like bra og betre på vårt eige mål. Me treng ikkje skjemmast av dialekten vår - tvert imot!

Å ta vare på bygdekulturen vår er også å ta vare på dialekt og språk. Det er spesielt med oss (og Tysvær) at me har nynorsk. Eg vil også tru at tilreisande vil respektera oss for at me er såpass stolte av dialekten vår at me vågar å bruka han.

ra

ÅRSMØTE I HAUGALAND FORSØKSRING

Styret i Haugaland forsøksring hadde årsmøte den 21. februar. Styret ser slik ut etter årsmøtet:

Sigmund Alvestad, Bokn - formann
Martin Fosen, Karmøy - nestformann
Styremedlemer : Kristen Bergmål, Sveio, Kjell Saltveit, Haugesund, Birger Fitjar, Tysvær.

Fylkeslandbruksjef Einar K. Time hadde foredrag om korleis han tenkjer seg rettleiingstenesta i framtida.

Bønder i Tysvær, Karmøy, Sveio, Bokn, Haugesund og Utsira er medlemer i Haugaland forsøksring. Ringen blei oppretta i 1974. Det er totalt 244 medlemer. I Bokn er medlemstalet 13.



Gardvegen 8
Postboks 216
5501 Haugesund
Tlf. (04) 72 74 47
Mobil 090 - 44 826
Bankgiro: 5337.05.75580

NYTT TELEFON NR. 71 74 74

Vi ønsker beboerne i

Bokn

Velkommen til en demonstrasjon av våre kvalitetsprodukter, som blandt annet innbefatter:

Innbrudsalarm for privatbolig og mindre industri.

Innbrudsalarm for små og mellomstore båter.

"En himmel full av stjerner"

Er du lei av bare å se på NRK fjernsyn ??????

Vi vil også demonstrere hvilke muligheter du har, med en enkel parabol antennne, for å få en helt ny verden inn i din egen stue.

Vi ønsker deg og din familie velkommen til en hyggelig prat og visning av det vi har å tilby.

SETT AV TID PA TORSDAG 7 MARS FRA KL. 17.00 TIL KL. 19.30.

DU FINNER OSS PA KOMMUNEHUSET.

P.s.

Du vil motta en nærmere informasjon fra oss i posten en av di nærmeste dager. d.s.



Salg
Service
Vedlikehold
Alarmanlegg
Leverandør av kvalitetsprodukter

ET SELSKAP I ASTROSAT GRUPPEN



ANTENNESYSTEMER

Lars Mæland
Tlf. (04) 72 74 47
Personsøker 096 - 74 803
Egil Mæland
Tlf. (04) 72 25 02
Personsøker 096 - 61 313

INNVIINGSFEST FOR BOKN BEDEHUS

Søndag den 24. februar var det om kvelden fin innviingsfest for Bokn Bedehus. Utanom innbedne gjester var det møtt fram mykje folk, bortimot 170.

Leiv Våga ynskte alle velkommen, og leia festen.

Programmet var omfattande, og det var mange innslag som skulle framførast før festen var over.

Elise Kro hadde laga ein framifrå prolog som ho framførte. Etter eit kort samandrag av korleis det gjekk til at bedehuset fekk huset av kommunen, vart det ein høgtidssam innviingsseremoni.

Etterpå var det solosang ved Marie Elisabeth Nordbø.

Soknepresten held deretter tale.

Etter ei matøkt i matsalen vart det framfört mange helsingar. Det vart også overleverert gåver og blomar.

Mellan dei som hadde helsingar var ordføraren i Bokn, Leif Vatnaland. Han overleverte også ei gave på kr. 1.000,- frå kommunen, og kr. 1.000,- frå SR-bank Bokn. Han streka under det verdfulle arbeidet som frivillige organisasjonar gjer i kommunen.

Vidare var det helsing frå formann i soknerådet Sigwart Våga og frå Leif Kro i det tidlegare Austre Bokn bedehus. Austre Bokn bedehus er nå slutta saman med Bokn bedehus med alt dei hadde av hus og andre midlar. I alt kr.

45.000,- vart såleis overført til Bokn bedehus utanom sjølve det gamle bedehuset. Det gamle bedehuset er nå tenkt brukt m.a. til arbeidet blant barn og unge.

Det var elles ei rekke kristelege organisasjonar i distriktet som bar fram helsingar. Desse hadde gått saman og kjøpt ein bibel som dei overrekte.

Leiv Våga takka elles dei mange som hadde vore med på dagnadsarbeidet med å setja bedehuset i stand. Det vart delt ut både blomar og gode ord for det arbeidet som til nå er utført. Og det ser ut for at bedehuset har fått ein god start. På dei arrangementa som har vore til nå, har det vore nesten fulle hus.

Også tidlegare sokneprest Per Nordbø hadde gode ord til boknarane i si helsing.

ra.

Bokn Høyre si liste ved kommunestyrevalget 1991

- | | |
|----------------------------|------------------------------|
| 1. Ingvar Alvestad | 11. Ingebjørg Larsen |
| 2. Gunn Arntzen Grønnestad | 12. Helge Kristian Nilssen |
| 3. Svein Ove Alvestad | 13. Iren Grønnestad Jøsang |
| 4. Einar Tore Ørvabø | 14. Edgar Våge |
| 5. May Elisabeth Alvestad | 15. Åse Vatnaland |
| 6. Finn Erik Drange | 16. Per Eivind Ognøy |
| 7. Aud Hanne Rassmussen | 17. Venke Grønnestad |
| 8. Dag Idar Jøsang | 18. Geir Ognøy |
| 9. Solveig Aksdal Kro | 19. Kjell Terje Bryningsland |
| 10. Olav Lande Rossabø | 20. Arnfred Sandven Alvestad |

"INVASJON" AV BOKN DEN 24. FEBRUAR

Etter åpninga av Boknasundet bru fredag den 22. februar hadde Bokn Næringsforum i samarbeid med Bokn kommune gått ut med ein annonse og invitert til ein "bli kjent med Bokn" dag søndag den 24. februar. Det var lagt opp til søndagsåpne butikkar, kafe på skulen og hos Steinar Alvestad, sal av varer på Brukshuset og i Hobbybrakka og åpent hus på vevstova og i Bygdemuseet.


Det vart reine invasjonen som kom. Frå ca. kl. 12.00 og utover til ca. kl. 18.00 kom det bilar over til Bokn i ein jamn straum. Fleire tusen personar må ha vore på Bokn denne dagen. Det vart trafikkork på skuleplassen, for folk hadde parkert slik at det ikkje gjekk å passera med to bilar forbi kvarandre. Det var også fullt av parkerte bilar i Føresvik frå Brukshuset og ned til kaien. Også i Alvestadkroken var det trangt om plassen.

Omsetninga i butikkane og kafeane gjekk svært godt. På dei få timane det var åpningstid selde Bokn Handelslag for kr. 40.000,-. Det gjekk mykje kaffi og konfekt som dei hadde lokka kundane med.

Styrar Annbjørn Sunde seier til bygdabladet at dei kan tenkja seg å ha ein slik dag også ein annan gong, t.d. til sommaren når heile Bokn-prosjektet skal åpnast.

Steinar Alvestad fortel at han hadde fullt av folk både i butikken og i kafeen oppe. I kafeen gjekk dei tomme for egg i vaffelsteikinga, men fekk ny forsyning. Det gjekk elles store mengder med marsipankaker og ulike typer heimebakst. På kaien selde dei røykt laks, makrell og reker, og salet gjekk godt. Steinar Alvestad seier at det heile ga meirsmak, og det kan henda dei som hadde kafeen vil

prøva på kafedrift fleire søndagar framover.



Tett i tett kom bilane til Bokn (arkivbilde)

Steinar Alvestad seier til bygdabladet at hadde dei visst kor mykje folk som kom, er det ikkje sikkert dei hadde våga å gi seg ut på opplegget.


Størst kaos var det vel på skulen. Dei som hadde førebudd kafeen her hadde laga middag til ca. 2 - 300 personar. Når det så kom det mangedobbelte, kan ein tenkja seg kor travelt det vart for dei som sto for kafeen. Dei måtte kalla inn forsterkningar både i eigne familiar og hos andre, og gjekk over til å selja pølser og andre ting. Stort sett var folk i godt lag, og tok det heile med eit smil, sjøl om dei ikkje fekk middagen som det var reklamert med.

Dei næringsdrivande seier som konklusjon at sjøl om innrykket til Bokn vart mange gonger større enn forventa, sit dei att med positive erfaringar. Det viser at det kan gjerast noko meir ut av service-næringane her i kommunen.

Bygdebladet har ikkje snakka med vegvesenet. Fleire stader vart det skade i vegbanen på dei lokale vegane som fylgje av den store slitasjen.

M I L J Ø N Y T T

Miljøutvalet hadde møte den 26. februar og tok opp fem saker. Sidan miljøutvalet er eit underutval under formannskapet vil vedtaka vera ei tilråing til formannskapet.



Miljøutvalet til Bokn blir medlem av Kommunenes Internasjonale Miljøorganisasjon (KIMO). Denne organisasjonen er nystarta og skal bestå av kommunar frå landa rundt Nordsjøen. Formålet er å prøva å hindra ei ueheldig utvikling av miljøet i Nordsjøen. I første omgang har KIMO tenkt å arbeida med områda oljeindustri, transport av radioaktivt avfall frå Dounreay i Skottland, dumpingavfall, spesialavfall, akvakultur og havbruk. Elles vil dei ta opp saker etter kvart som det dukkar opp potensielle farer for Nordsjøen.

Kvart medlem av organisasjonen skal forplikta seg til å gjera sitt beste for å redusera ureining av Nordsjøen frå eigne aktivitetar og aktivitetar som dei har kontroll over for på den måten å framstå som eksempel for andre kommunar.

PRIVATE AVFALLSPLASSAR

Miljøutvalet tilrår at kommunen går aktivt inn for å gi hjelp til fjerning av private bossplassar. For å gi denne hjelpana er det eit vilkår at dei som har lagt avfallet der, sjølv er med på denne ryddeaksjonen. Strekk ikkje dei avsette pengane på budsjettet til, må ein gå inn å prioritera kva slag plassar kommunen skal gi hjelp til. I fyrste omgang må ein fjerne bossplassar som ureinar vassdrag og ser skjemmande ut. Aksjonen bør skje før opninga av det nye veganlegget i juni.

Dei årlege ryddeaksjonane står framleis i vedtaket. Det gjer og avsnittet om at teknist hovudutval må vurdera å bruka SS 28 og 37 i forureiningslova på eigalar som ikkje ynskjer å rydda opp på skjemmande eller ureinande private bossplassar, eller ved seinare funn av slike.

MILJØPLAN FOR BOKN

Miljøutvalet ynskjer at ein startar opp arbeidet med vasskvalitetane i Bokn først. Dette kapitlet har med emne om sjøkvalitet, vassdragskvalitet,




kloakk, landbruksforureining, industriforureining, akvakultur og drikkevatn.

Før ein startar opp med miljøplanen kallar ein inn til møte der miljøutval, formannskap og leiarar av hovudutval er med. På dette møtet prøver ein å koma fram til arbeidsprioritreingar og målsettingar. Ein må og koma fram til dei arbeidsformene ein ynskjer for planen. Seinare tek ein for seg eit prioritert delemne om gongen og gjer seg heilt ferdig med det, slik at tiltak kan setjast raskt ut i livet.

Denne arbeidsformen gjer at politikkarar og andre blir tekne med i planleggjingsprosessen heilt frå starten av. Arbeidsformen er tidkrevjande og kostbar. Men politikkarane kan no betre identifisera seg med innhaldet i planen. I neste omgang vil det vera ein plan politikkarane tek meir omsyn til i vedtaka sine.

VASSKVALITETAR I BOKN


Miljøutvalet tilrår at det blir starta opp eit overvakingsprosjekt med prøvetaking av to vatn i Bokn. Næringsmiddeltilsynet gjer dette utan annan kostnad for oss enn at me stiller med ein mann og båt når prøvene skal takast. Dette skal vera eit ledd i arbeidet med ein vassbruksplan for kommunen. I første omgang tek ein sikt på å kartleggja tilstanden i vatna. Det blir teke bakteriologiske, kjemiske/fysikalske og algeprøver. Prøvene blir teke over eit år slik at ein får med alle årstidene. Ny runde med prøvar kan ein ta om ein del år for å sjå utviklinga i vatna.



RADIO 102

Eg er lei for at miljøtimen ikkje kom i februar. Det skyldes at ein av programleiarane er sjukemeld på ubestemt tid. Me veit ikkje når eller om miljøtimen blir teken opp att. Dersom me planlegg innslag frå Bokn att, skal eg prøva med ein ny notis i Bygdebladet.

Sekretären i miljøutvalet.



PROLOG VED OPNINGA AV BOKNASUND BRU

Av Olaug Hognaland

Når Boknafjorden er i därleg lune,
spyler langs strender og bryt over grunne,
kan det vera ei ulidelig stund,
og godt å koma inn i Boknasund.

Boknasundet, den eldgamle rute,
skjerma frå havet som bryt der ute.
Ved begge strender dei busette seg
den tida sjøen var einaste veg.

Det er skrive soger og vers om trafikken både på langs og på tvers.

Sagnet seier det var nettopp her
at Erling frå Sola for si siste ferd.
Med modige menn som mannskap ombord,
forfylgte han fienden over Boknafjord.
Men med all sin sjømannsskap og strategi,
før han nådde Karmsund, var alt forbi.

Per og Kari og friarturen er levande skildra av trubaduren.
Dei vart nok velakta husbond og fru, sjøl om han var ein båtatjuv.

Og såg du ein båt med ein gut ombord, i med vind og mot vind, med baugen mot nord.
han hadde sett seg ut ei tysværjenta, nå var det laurdag, nå gjekk ho og venta.
Han gjorde seg tankar, og levde i vona, at ho ein gong sku' bli boknakona.
Og dagen kom, då han gjorde ein tur, og kom heim igjen til si øy med si brur.

Øya oppunder Tysværstranda, dagleg måtte dei ro og landa.
På sommardagar, i regn og frost, skuleskyss, møte, handel og post.

Om dei på Vestre Bokn noko trong,
dei måtte i båten endå ein gong.
Då det endeleg var kome bru, det var'kje lenger nokon Ognøybu.

Dei tok til å snakka om eit eventyr, me trudde folk var reint på styr.
Tenk, snakka om bru over Boknasundet!
Me er då berre ein minikommune.
Det var for Austre Bokn sin del, dei var lei av å ro, det forsto me så vel.

Det var både i og utanfor styret, som venta og trudde på eventyret.
Me visste det var ikkje penger å få, men Statens Vegvesen visste råd, berre dei fekk ha Bokn som transitt, så stortrafikken fekk flyta fritt.
Tre store bruver ville dei byggja, skriva kontrakt på molo og bryggja.

Det er nå eit mirakel å sjå korleis vegarbeid kan foregå.
At eit fjell står i vegen, er ikkje problem, snart ut på andre sida dei kjem.
Nå ligg vegen så bein og fin frå eine ytterkant til hin.

Når du har lagt tunnelen bak, og kjem ut i den lyse dag, du verda for utsyn som møter ditt blikk, du ser då like til Kopervik.

Og så er det ikkje lange tida før du er over på vestre sida. Nokre kilometer, så jamen tru, sanneleg er det endå ei bru.

Innafor det trange sundet
vidar seg ut ein større
lagune,
Lauplandsvågen, den lune havn,
skulle ikkje vera noko ukjent
navn.
Snart er du på Are, den nye
terminal,
her er det ennå arbeid og bal.
Parkeringsplasser, hus og kai,
her går nok med både april og
mai.

På andre øya dei knallar og
skytt,
boret går, og maskinane tyt.
Om eit par års tid kan dei
koma med ferje
frå Mortavikjå til Laksaberget.
Me andre vegen, det blir nok
eit syn
når me skal botnavegen til
by'n.

Stikk imot gamal spådom og
tru,
blei det Vestre Bokn som venta
på bru.
Dei på Austre såg ikkje til
noko sida,
for dei var jo blitt

fastlandsbu, må du vita.
Dei smatt gjennom Håklepp som
eit lyn,
på under halvtimen var dei i
by'n.
Men heldigvis var det berre
eit år,
så kom også dagen vår.

Alt har ei bakside, også
dette,
det er noko me saknar med
rette.
"Bokn", ferja, gullhøna vår,
kjend og kjær gjennom mange år.
Nå vil me forlanga av dei som
får 'na
at dei får passa skikkeleg på
'na
Så vil me gjerne takka dei
som alltid gjorde turen så
grei.
Skipper og rormann i sitt
bestikk,
han med taska, ein god replikk.

Me ser med spenning mot nye år
med betre tider for øya vår.
Men vår bygdakultur og vår
eigenart,
det vil me ikkje byta så snart.

SIGVALD LOTEN SINE FISKESKØYTER

Bygdabladet har vore på besøk
hos Einar Ellingsen og Østen
Hognaland i Straumen og fått
opplysningar om Sigvald Loten
sin skøyter.

Sigvald Loten levde frå 1886 -
1953. Han dreiv som bonde og
fiskar, og frå 1911 som
landhandlar i Straumen. Slik
blei han ein svært kjend mann
i bygda, særleg i Hognaland
krins. Dei som vaks opp der og
er i 50 - 60 åra nå, kan og
minnast han som
søndagsskulelærar.

Østen kan fortelja at først i
1911 kjøpte Sigvald fiskebåten
"Simonsen" som var 19 fot og
hadde ein 3 hk. magnet motor.
Denne båten brukte han til å
føra varer på. Gamle
"Rogaland" hadde rute på
Stavanger - Skudesnes då, og



kom inn på Grønnestadvågen ein
gong i veka. Då var Sigvald og
fekk varer frå båten.

Motoren i "Simonsen" var nok
ein av dei første som kom til
Bokn. Østen seier at denne vart
seld til Syvert Jørgensen i
Oksebåsen. Denne motoren fins
framleis i Alvestadkroken.

Så kjøpte Sigald skøyta "Krokanes" i 1920. trygve Hognaland hadde og part i denne. Ho var 50 fot og motoren var ein 16 hk. Lysekil.

Sigvald og Trygve førte sild på skøyta, og under seiafisket kjøpte dei også fisk som dei leverte i Stavanger. Det er fortalt at ein gong det var for mykje fisk slik at dei ikkje fekk levera, gjekk Sigvald til Straumen med lasta. Der fekk han med seg Hans Hognaland og Helmik Jøsang. Dei flekte og salta fisken. Folk kan minnast at det låg fisk til tørk over heile borgene i Straumen. Og då var det lett å få selja fisken. Bøndene kom med hest og kjerra og kjøpte 60 - 70 stykke kvar.

Elles brukte dei "Krokanes" til å føra skjellsand på. Dei tok opp sand rundt omkring Bokn og gjekk opp til Førdesfjorden og selde til bøndene.

Rundt 1924 kjøpte Sigvald skøyta "Uredd" (R-7-B) med 12 hk. "Levan" motor. Ho var 35 fot. Han dreiv sildafiske med denne, og det var eit mannskap på fire. Det var ofte Daniel Thuestad, Hans Hognaland og Daniel Økland som var med.

Sigvald hadde bygd seg stort sjøhus i Straumen, så ofte kjøpte han billeg sild i Drevsund, salta den på flatt golv i sjøhuset. Det kunne mest vera heilt under taket med sild. Så førte han silda til Sampson Sildoljefabrikk i Haugesund. Der vart silda til

sildemjøl. Dette var omkring 1927 - 28, for då var eg så vaksen at eg fekk vera med, seier Østen. "Uredd" vart sold til Cornelius Hognaland i 1932 for 1.500,- kroner.

I 1931 kjøpte Sigvald seg ennå ei såkalla "Listaskøyta". Det var "Duen" (R-28-B) som var 35 fot og hadde 12 hk. "Levan" motor. Det var visst få som sa "Duen". Det var "'an Sigvald." Kvar fredag gjekk "Duen" til Kopervik etter "stomp" og andre varer. Det var aldri veret som stansa han. Og alltid var det folk med. Kanskje var det tannverken dei skulle fiksa, eller nytt lampa-glas.

Annan kvar tirsdag gjekk "Duen" til Stavanger. Det vart levert egg hos Melberg og henta kraftfor hos Skretting. Han gjekk innom Hognaland, Are og Loten, så både folk og krettur var med.

I 1935 vart "Duen" forhua hos Folkedal i Kopervik, og motoren vart bygd om til 17 hk. Dette kosta kr. 2.000,-.

Sigvald dreiv med og kjøpte hummar av folk, og gjekk til "Gromm" i Haugesund og selde. Det var ikkje kilopris då, men stykkpris. Hugsa me fekk 80 øre pr. stk. seier Østen. Det hende han var med på desse turane. Då hadde dei hummaren i 5 skjeppe-kassar med tau i. Det blei og drive vårsild og seiafiske med "Duen". Einar Ellingsen kan fortelja at etter han flytta til Straumen, gjekk han med "Duen" på desse fiskeria frå 1943-47. Han fortel vidare at "Duen" Vart sold i 1954 til los Ingolf Våge på Fosenøy.

Liv V.

" SKOTTETIDA I NEDSTRAND OG
TYSVÆR"

Skjoldastrauen grendasenter sundag den 10. mars kl.15.00.
Arnvid Lillehammer kåserer

Historielaget held samstundes årsmøte.
Kaffi, mat og drøs.

Du er velkommen!



NYE BRANNFORSKRIFTER

ORIENTERING OM BRANNFOREBYGGENDE TILTAK

Nye brannforskrifter trådte

som kjent i kraft 20.
september 1990.

Formålet er å sikre at det iverksettes og gjennomføres forebyggende tiltak for å sikre tilfredsstillende brannsikkerhet i enhver bygning, anlegg, lager, område m.v. som er i bruk.

I forskriftene understrekkes det at eier av brannobjekt har plikt til å sørge for at et brannobjekt er bygget, utstyrt og vedlikeholdt i samsvar med gjeldende lover og forskrifter om forebyggelse av brann.

Bedriftseiere og gårdbrukere inviteres til en orientering om de bestemmelser og brannforebyggende tiltak på Boknatun, torsdag den 14. mars kl. 19.00.

BRANNSJEFEN I BOKN

Skulestyret har møte på Bokn skule torsdag 14. mars 1991 kl. 1830.

Oppstart av matematikkurs i vår.

Det er påmeldt såpass mange vaksne til kurs i matematikk (ungdomsskulepensum) at kurset etter alt å døme kjem i gong i vår. Lærar for kurset blir

Sigrunn Hosaas og ein reknar med undervisning ein kveld i veka. Godkjenning av kurset kjem opp som sak i skulestyret 14. mars.

Det blir eit kort orienteringsmøte på skulen om kurset onsdag 6. mars kl. 1600. Det er plass til fleire deltararar, så det fortsatt mogleg å melde seg på.

Når det gjeld kursa i norsk og engelsk er det førebels litt for få påmeldte til at ein vil starte kurs no. Men dersom det melder seg fleire får ein vurdere dette på nytt.

BARNEHAGEPLASS I BOKN FRÅ 1. AUGUST 1991

Søknadsfrist for plass i Bokn barnehage barnehageåret 1991/92 er sett til 8. mars 1991.

Søknadsskjema kan ein få i barnehagen og på skulekontoret.

Skulesjefen.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonser: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARRANGEMENT I MARS:

1.03 Pensjonistforeningen
 16.03 Basar, Røde Kors
 23.03 Dans, Bokn Brass

HAGEINTERESSERTE

Stauder for Vestlandshagen

Foredrag av May Sandved på Lundals Kafeteria onsdag den 6. mars kl. 19.30.

For å ordna med skyss - påmelding tlf. 74 83 64 eller 74 86 02 innan 4. mars.

Bokn Hagelag inviterer alle som vil til å delta.

Arr: Tysvær Hagelag.

MERKEDAGAR I MARS

8.mars: Den internasjonale kvinnedagen

12.mars: Gregorsmesse etter Gregorius den store pave 590-604. Etter gammel skikk gikk "Gregorius-brudene", fattige småpiker som var utkledt med alskens fillestas, omkring og bad om almisser.

20.mars: Vårjevndøgn

24.mars: Palmesøndag

25.mars: Marimesse eller Vår Frue Messe, kirkehøytid for Maria bebudelsesdag

28.mars: Skjærtorsdag

29.mars: Langfredag

30.mars: Påskeaften

31.mars: Påskedag. Offisiell flaggdag

Sommertid innføres.

FOTPLEIE

Det vert fotpleie måndag den 11. mars. Påmelding sosialkontoret tlf. 74 85 00.

Dersom du har bestilt time og ikkje møter opp, må du betala denne dersom du ikkje har avbestilt.

ETTERLYSNING

I samband med brubygginga etterlyser me fotografi og videooppaktak som har med dette å gjera.

Me er også interessert i bilder og video fra sjølve opninga.



tlf. Olav: 74 86 37

tlf. Armand: 74 84 72



FASTEAKSJONEN 1991

Kyrkjebygd søndagsskule

10. og 24. mars kl. 14.00.

GUDSTENESTER

3.mars

17.mars

28.mars (Skjærtorsdag)
 31.mars kl.15.00 (Påskedag)

GAMALT SPISEBORD ØNSKES KJØPT
 tlf. 74 85 25 eller 74 85 00 linje 112.

